

Museumsforum i Oppland (MiO)

FINANSDEPARTEMENTET

25. JUN. 2008

Saknr.

081981-46

Arkivnr.

Til Det Kongelige Finansdepartement
Boks 8008 Dep
0030 Oslo

Fagernes/Hadeland 24. juni 2008

Høyringsfråsegn NOU 2008:7 Kulturmomsutvalet

Styret for Museumsforum i Oppland (MiO) vil gjerne støtte konklusjonane i Kulturmomsutvalet si innstilling/NOU 2008:7. Vi har sett dette ut i frå musea sitt perspektiv, og vonar at det blir vedteke i tråd med innstillinga.


Dette begrunnar vi med

- Med breiddemodellen blir alle museum handsama likt, same fordelar, same pålegg, same refusjonar uansett eigarskap/organisasjonsmodell. Dette vil fungere meir rettvist – og som ein konsekvens av den store museumsreformen.
- Alle museum som henvendar seg til styresmaktene vil da få same svar og same tilhøve.
- Det vil gjera det lettare for musea å kjøpe/selja tenester i høve kulturvernarbeid og anna arbeid i vår regionar/arbeidsområde, prosjektarbeid blir lettare å drifte/rapportere.
- Vi vil få ei einklare administrasjon og rekneskapsføring utan differensiering av ulike mva. knytt til servering, museumsbutikk, ulike tenester/oppgåver.
- Vi vil og sleppe å bruke masse tid på å sende dokumentasjon av utgifter vi kan få refusjon av, og så erfare at vi har brukt mykje tid på ein refusjonssøknad der vi får lite att.
- Museumsreformen har ført til ei styrking av museumsinstitusjonane, og i mange høve og ført til auka investing/aktivitet innan bygging, nybygg, ombygging, større utstillingar, formidlingsprosjekt etc. Med frådrag for inngåande moms vil ein få meir kultur/museum for pengane.
- Denne momsreformen for kulturinstitusjonar må ikkje føre til reduksjon/stagnasjon/skjæring av statlege overføringar til institusjonane, slik at staten tek att det dei gjev.

Vi vonar utvalet si innstilling blir vedteken, og at vedtaket blir sett i verk så raskt som mogeleg.

Med venleg helsing

Per Morset
Leiar
Sign.


Torvåg Dahl
kasserar